

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

10.12.2018

Dykkar ref.:

Vår ref.:

### Søknad om planendring for Leikanger kraftverk – Etablering av tverrslag i Henjadalen

Sognekraft viser til løyve til bygging av Leikanger kraftverk vedteke ved kongeleg resolusjon 17. juni 2016 og planendring vedteke ved kongeleg resolusjon 1. september 2017, samt privatrettsleg avtale mellom Leikanger kommune og Sognekraft om etablering av nytt drikkevassinntak i Traståna på kote 611. Det nye drikkevassinntaket vil medføre ny vassleidning opp til kote 611, og behov for veg for tilkomst i driftsfasen. Dette medfører i sin tur eit stort behov for steinmassar. I løpet av byggeprosessen har Sognekraft vurdert alternative løysingar for å skaffe masar til etablering av veg og vassleidning, og har sett ei mogleg løysing som vi meiner er basert på fornuftig og samfunnsnyttig bruk av tunnelstein med akseptable arealinngrep og konsekvensar for miljøet. Som ein følge av dette søker Sognekraft AS om følgjande planendingar for Leikanger kraftverk:

- Etter vassdragsreguleringslova § 2 og vassressurslova § 8 om:
  - Etablere eit tunneltverrslag i Henjadalen for uttak av tunnelstein til vegbygging

Sognekraft vil arbeide for å oppnå minnelege avtalar med gjeldande grunneigar. Dersom dette ikkje let seg gjennomføre, søker Sognekraft AS med dette om følgjande for Leikanger kraftverk:

- Etter oregningslova om å
  - Erverva naudsynt grunn og rettar for etablering av tverrslag
  - Løyve til å ta i bruk areal og rettar før skjøn er halde (førehandsløyve)

Vidare grunningjeving og skildring av tiltaket er omtalt i det følgjande.

Andre tiltak og planar vil samsvare med gjeldande konsesjon.

Vi ber om ei rask handsaming av søknaden.

For Sognekraft AS



Harald Fimreite  
Utbyggingssjef

E-post: [Harald.Fimreite@sognekraft.no](mailto:Harald.Fimreite@sognekraft.no)

Tlf: 918 05 768